

Referat fra Regionstyremøte

27. april kl. 09.00 – kl. 11.25, digitalt på Teams

Møtte: Linda Mæhlum Robøle, Vidar Eltun, Marit Hougsrud, Knut Arne Fjelltun, Odd Erik Holden, Haldor Ødegård til kl. 11.00, Erik Ringnes med på telefon, Stein Tronsmoen med på telefon, Jostein Aanestad, Lene Hovi (adm. repr.) og Jørand Ødegård Lunde (adm. repr.) Fredrik Holte Breien (adm. repr.)

Møtet er halde digitalt i medhald av: Midlertidig forskrift om gjennomføring av fjernmøter i kommuner og fylkeskommuner for å begrense spredning av covid-19

Konstituering av møtet:

- Linda Mæhlum Robøle leia møtet
- Sakliste og innkalling samrøystes godkjent. Med tre saker under eventuelt
 1. Klimakur 2030, høyring
 2. Breiband, brev frå ordførarane
 3. Evaluering av kommunikasjonsgruppa for E16 (KG)

Saker under eventuelt:

4. Klimakur 2030, høyring
5. Breiband, brev frå ordførarane
6. Evaluering av kommunikasjonsgruppa for E16 (KG)

Referat: Jørand Ødegård Lunde

Alle vedtak var samrøystes

Orienteringar:

- 1) Orientering frå NAV Valdres V/Britt Irene Vårvik:

Permitterte, arbeidsledige, Valdres har vanlegvis ei arbeidsløyse mellom 1 og 2%, no er den på 9,9%, høgst ledigheit i Øystre Slidre med Nord Aurdal som nr 2. NAV ser ein liten nedgang i arbeidsløysa spesielt i Nord Aurdal der 35 personar har kunna gå attende til jobb. Status dagpenge-utbetalingar, sakshandsaminga tek tid, men at det er høve til å få forskot på 60% av løna medan ein ventar. Det er frå den 16. mars høve til å søke sosialhjelp digitalt. Det er og ei ordning der ein kan leggje søknad om sosialhjelp i ei postkasse. Alt i alt er det kun søkt 164 000 i sosialhjelp med direkte årsak i Covid-19 so langt.

-NAV Valdres har oppretta to direkteliner - ei for naudhjelp og ei for arbeidsgivarar. 3 tilsette er på rådhuset kvar dag, ellers er folk på heimekontor.

Tabell viser helt arbeidsledige, fordelt på kommune

Kommune	Antall	Andel av arbeidsstyrken
Sør-Aurdal	104	7%
Etnedal	50	7,4%
Nord-Aurdal	394	11,3%
Vestre Slidre	88	7,7%
Øystre Slidre	301	16,4%
Vang	85	9,7%
	1022	9,9%

2) Orienteringar frå rådmannsutvalet v/ Jostein Aanestad:

- Kvardagen i RU og kommunesamarbeidet er prega av handteringa av Covid-19. Beredskaper er kommunal, men kommunane utvekslar erfaringar og samarbeider likevel tett om handsaming av situasjonen. Kommunane samarbeider m.a. om tilgjengeleg kapasitet i smittevernavdelingar. Korleis krisehandteringa generelt har fungert nasjonalt og lokalt vil venteleg bli evaluert.
- RU har utarbeidd felles saksframlegg om fylkets forslag til endring av betaling for skuleskys. Saka blir handsama i kommunestyra for tida.
- * RU har utarbeidd felles saksframlegg om felles forliksråd og saka blir handsama i kommunestyra no. RU vil følgje opp med nødvendig samordning etter kommunestyrevedtaka.

3) Nytt frå Innlandet fylkeskommune ved Stein Tronsmoen:

- Fylkeskommunen er òg prega av situasjon med Covid-19, men det blir oppretthalde eit godt trykk i arbeidet.
- Bompengar Bagn-Bjørgo, det er føreslege eit tak på 40 passeringar i månaden.
- NTP, det blir ekstra møte i Samferdselsutvalet om fylkets NTP-innspel.
- Det er stor diskusjon om struktur ved dei vidaregåande skulane, Valdres vidaregåande er ikkje utfordra på endringar denne gongen.
- Det er sett fordelt Covid-19 pengar til fylkesvegar. Vedlikehaldsmidlane for 2021 kan brukast i 2020.
- Utfordringane til dei kommersielle ekspressbussane er motteke mellom anna frå Valdres, og det er sendt spørsmål til statsråden.
- Fylkesutvalet har i sak 99-20 gjeve uttale til Klimakur 2030
- Det er fare for flaum i vår, og fylkeskommunen er bekymra for ein del av at fylkesvegnettet er flaumutsett.

4) Nytt frå region Valdres v/Linda Mæhlum Robøle

- Ordførarane møtast på Teams for å diskutere situasjon med Covid-19, det har vore 4 møte sidan sist RS.
- Innspel til innhald i krisepakken er følgt opp overfor sentrale myndigheiter

5) Nytt frå regionkontoret v/Jørund Ødegård Lunde

- Filming, promotering av Fagernes som sete for Musikk i Innlandet, ferdig film i månadsskifte april /mai for distribusjon.
- 74 bedrifter har fått råd hjå VNH i samband med Covid-19.
- Svarbrev frå Innlandet fylkeskommune om varmebuer og det fylkeskommunale prosjektet. Prosjektet er for at flest mogeleg skal ha tilgang til turbuer. Prosjektet er ikkje til hinder for andre søknadar.
- Daglege leiarar ved dei 10 regionkontora i Innlandet og Innlandet fylkeskommune har møter på Teams, der blir ulike felles tema drøfta
- Høyringsfrist for Innlandsstrategien er utsett, spørsmål frå fylkeskommunen er om regionane ynskjer meir dialog og forankring før uttale blir skriven? Høyringskonferansen utgår. Kommunane har fått brev om denne utsetjinga.
- Tilbudsstrukturen i vidaregåande skule drøftast no i Y-nemnda, ingen endringar føreslegne i Valdres så langt.
- Fjellnettverket utarbeider svar til Klimakur 2030 høyringa.
<https://www.miljodirektoratet.no/aktuelt/nyheter/2020/januar-2020/horing-av-klimakur-2030/>
- Valdresvert-kurs ved vidaregåande skule utgår. Kurset for guidar er utsett til juni, men kan bli avlyst. VNK vurderer å forsere arbeidet med digitalisering av kursa.

- Midlar til kompetanseheving i næringslivet, søknadsfrist 30. april. Valdres Næringshage har avdekket behov for fleire bedrifter til kompetanseheving, herunder sal. VNK ser på ei moglegheit for å sjå på ein kombinasjon med Valdresvert-kursa her, jfr. førre kulepkt.
- Valdreslogoen stadig meir populær på artiklar. Siste er at Sporten i Bagn har produsert opp trekoppar med valdreslogo.
- Norsk seterkultur har fått tilsegn på kr. 100.000 frå Innovasjon Norge til informasjon på web og brosjyre m.m. for setersmøret. VNK skal levere arbeidet.
- Festivalar og Covid-19: Festivalane hadde nettverksmøte fredag 24.04.20 med tema «kva gjer den enkelte, korleis er det lurt å leggje opp vidare arbeid utan å tape for mykje pengar».

Situasjonen er noko ulik for kvar festival, men både vidare arbeid og økonomi er avhengig av vala som blir gjort. Det knyter seg juridiske spørsmål til ansvar og tap, og kor mykje ein får kompensert ved å velje ulike alternativ. Dei fleste får gode råd frå Norske Konsertarrangørar. Det er aktuelt med web-baserte aktiviteter for å halde publikum varme og for sponsormidlar. Inntil no har det vist seg å vera god økonomi i det. Nettverket har felles interesse i å bli betre på nettbaserte løysningar. Katharina skal derfor undersøke moglegheiter for støtte til eit felles opplæringsprosjekt

6) Orientering om breiband v/Fredrik Holte Breien

Avtale med Telenor om knappe 1700 nye abonnentar, tinging frå medio mai. Innhaldet i eit ordførarabrev til dei som får tilbodet vart diskutert. Det arbeidas vidare med brevet.

7) Aksjon Aqua 2020 v/ Lene Hovi

31. mars vart søknaden til Miljødirektoratet frå Valdres friluftsråd (ansvarleg søkjar), i samarbeid med Naturvernforbundet i Valdres, Valdres Kommunale Renovasjon, miljønettvisa «Grønn Megafon» og VNK, innvilga. Samstundes vart det oppmoda om å utsetje all organisert ryddeaktivitet til hausten. Prosjektgruppa fylgjer situasjonen tett, men har nyleg oppmoda til små, koronavenlege ryddeøkter med t.d. familien - og fant 1348 biofilmberarar på eit oppstartsmøte ute på Leira. Truleg vel vi auka fokus på meir på kartlegging og synfaringar denne våren: <https://www.valdres.no/nyheter/2020/4/22/aksjon-aqua-2020-er-i-gang-startet-med-a-plukke-1348-biofilmbaerere-a3462>

Prosjektleiar ynskjer tett dialog med dykk i kommunane om å få tips og kartlegge større forsøpla område i regionen som prosjektet kan setje inn eigna folk, ressursar og utsyr for å rydde gjennom hausten.

8) Orientering om utarbeidd materiell vedr. ferdsel i utmark, arbeidet har vore til handsaming hjå ulike samarbeidspartar og i AU i landbruksforum. Sjå vedlegg: utkast til plakat

Drøftingssaker:

- 1) Gjennomføring av 8. mai-markeringa. Det lagast ei felles annonse, ingen arrangement med fram møte av publikum. Tale for dagen ved Valdresmusea blir streama / teken opp live og lagt ut digitalt i etterkant.
- 2) Oppfølging av næringslivsundersøkinga, det bør gjennomførast ei ny undersøking ca. 10. mai.

Saker handsama:

RS 21-/-20 Protokoll

RS 22-/-20 HØRING – NOU 2019: 17 DOMSTOLSTRUKTUR SAMT ET FORSLAG OM ENDRINGER I rettskretsene og domstoloven

RS 20-/-20 Eventuelt

1. Klimakur 2030, høyring
2. Breiband, brev frå ordførarane
3. Evaluering av kommunikasjonsgruppa for E16 (KG)

RS 21-/-20Protokoll

Forslag til vedtak:

Regionstyret godkjenner protokoll av 27.mars 2020.

Vedtak:

Regionstyret godkjenner protokoll av 27.mars 2020.

RS 22-/-20 Høring – NOU 2019: 17 Domstolstruktur samt et forslag om endringer i rettskretsene og domstoloven

Forslag til vedtak:

Regionstyret vedtar vedlagte brev som Regionstyrets høringssvar på NOU 2019:17

Vedtak:

Regionstyret vedtar vedlagte brev med de endringer som fremkom i møtet som Regionstyrets høringssvar på NOU 2019:17.

1 vedlegg: endelig brev

RS 20-/-20Eventuelt

1. Klimakur 2030, høring

Konklusjon: Det sendast eit høringssvar med utgangspunkt i Fjellnettverket sitt arbeid. 1 vedlegg: Høringssvar

2. Breiband, brev frå ordførarane

Konklusjon: Det arbeidast vidare med eit brev til innbyggjarane som no får tilbod om breiband.

3. Evaluering av kommunikasjonsgruppa for E16 (KG)

Konklusjon: Saka blir sett opp til drøfting i møte 29. mai.

Møte 13. mai vert flytt til 29 mai.